



Arkivnr: 2018/10009-13

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda	49/18	11.09.2018

## Klagesak - Klage frå Taxi/Bus Odda AS over avslag på søknad om løyvefritak

### Samandrag

Taxi/Bus Odda AS har påklaga fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag på deira søknad om løyvefritak for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal. Fylkesdirektøren sitt avslag var grunngjeve med at det vil vere i strid med yrkestransportforskrifta § 36 å godkjenne søknaden frå Taxi/Bus Odda AS. Etter å ha vurdert klaga frå Taxi/Bus Odda AS har fylkesdirektøren kome til same konklusjon, og vedteke å oppretthalde sitt vedtak om avslag på søknad om løyvefritak.

Fylkesrådmannen har vurdert søknaden og klaga og finn å rå til at klage frå Taxi/Bus Odda AS over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag på søknad om løyvefritak for rutetransport ikkje vert teke til følge.

### Forslag til vedtak

Klage frå Taxi/Bus Odda AS over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag på søknad om løyvefritak for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal vert ikkje teke til følge.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst.fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
kst.fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Klage frå Taxi/Bus Odda AS

**Fylkesrådmannen, 10.08.2018****Bakgrunn**

For å utføre rutedrift må ein i følgje yrkestransportlova § 6 (1) ha ruteløyve. Fylkesutvalet er løyvestyresmakt. I yrkestransportlova § 36 er det ei føresegn som opnar for dispensasjon frå dette kravet. Fylkesdirektør samferdsel har delegert fullmakt til å gjere vedtak i slike dispensasjonssaker.

Når det vert gjeve slik dispensasjon vert det kalla 'løyvefritak'.

Taxi/Bus Odda AS har sendt søknad om «løyvefritak» for strekninga Odda til Skjeggedal. Søknaden lyd slik:

Vi søker med dette om Løyvefritak for Strekingen Odda til Skjeggedal  
( startpunktet for Trolltunga )  
Vi har idag tilbud om tilgjengelige avgangstider fra 1/6 til 30/9. 2018.  
Vi vil søke om Løyvefritak for denne perioden hvis dette er mulig. Eller så lenge det lar seg gjøre.  
Planen med tilgjengelige tider er grunnet erfaring fra 2017  
MILJØ  
ØKONOMI  
KJØRE OG HVILETID  
Det vil i løpet av sommeren 2018 bli sendt inn søknad om Ruteløyve  
[...]

Fylkesdirektøren samferdsel har behandla søknaden og fatta vedtak i saka. Det vart gjort slikt vedtak:

«Med heimel i yrkestransportforskrifta § 36 avslår fylkesdirektøren søknad av 18.04.18 frå Taxi/Bus Odda AS om dispensasjon frå kravet om ruteløyvet for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal.»

Taxi/Bus Odda AS har i brev av 23.04.18 klaga på fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak av 19.04.18 om avslag på deira søknad av 18.04.18 om løyvefritak for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal.

Fylkesdirektør samferdsel har som underinstans behandla klaga og gjort slikt vedtak:

«Fylkesdirektør samferdsel opprettheld sitt vedtak av 19.04.18 om avslag på søknad frå Taxi/Bus Odda AS søknad om løyvefritak for bussrute på strekninga Odda – Skjeggedal. Klage frå Taxi/Bus Odda AS dagsett 23.04.18 vert oversendt til klageinstansen, den fylkeskommunale klagenemnda.»

Klagenemnda er klageinstans og skal gjere endeleg vedtak i saka.

**Rettsleg grunnlag**

Yrkestransportlova § 6, pkt 1.

§ 6.Behovsprøvd løyve for persontransport med motorvogn i rute

(1) Den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med motorvogn må i tillegg til løyve etter § 4 første ledd ha særskilt løyve for rutetransport.

Yrkestransportforskrifta § 36.Dispensasjoner

Løyvemyndigheten kan, dersom Norges folkerettslige forpliktelser ikke er til hinder for det, unnta persontransport i rute fra kravet om ruteløyve i følgende tilfelle:

Når det gjelder mindre enn 50 turer i året eller virksomheten drives i mindre enn 3 måneder i året og den a) er av mindre betydning og ikke skader annen rutetransport.

Når det under egentransport av personer, jf. yrkestransportlova § 18, er hensiktsmessig å ta med andre b) passasjerer og det ellers vil oppstå kostnader eller ulemper som anses å stå i misforhold til virksomhetens betydning for rutegående kommunikasjoner.

Vedtak etter bokstav a kan treffes for 1 år om gangen og etter bokstav b for inntil 3 år om gangen. For unntak fra løyveplikten etter § 23, § 34, § 35 og § 36 gjelder bestemmelsene i dette kapittelet så langt de passer.

### **Fylkesdirektør si vurdering til søknaden.**

Fylkesdirektør samferdsel viser til at Odda Taxilag AS i dag har ruteløyve for den aktuelle rutestrekninga, og nyttar dette ruteløyvet. Ruteløyve gjev ikkje einerett for å drive rutetransport, og fylkesutvalet kan difor, etter søknad, tildele parallelt ruteløyve til Taxi/Bus Odda AS .

Når det vert søkt om dispensasjon frå kravet om ruteløyve føreset det mellom anna at rutetransporten som vert driven ikkje skadar annan rutetransport. Odda Taxilag AS har gjort gjeldande at den omsøkte rutetransporten vil skade deira rutetransport.

Fylkesdirektør samferdsel viser vidare til at det er positivt med konkurranse mellom tilbydarar av kommersiell rutetransport. Slik konkurranse kan finne stad dersom fleire selskap vert tildelt parallelle ruteløyve. Han legg samstundes til grunn at dispensasjon frå kravet om ruteløyve for parallell rutetransport på strekninga som Odda Taxilag AS har ruteløyve for, vil skade det økonomiske grunnlaget for Odda Taxilag AS sin rutetransport. På bakgrunn av dette har han ikkje funne at § 36 a) i yrkestransportforskrifta eller annan føresegn gjev heimel for å gje dispensasjon frå kravet om løyveplikt for den omsøkte rutetransporten.

Det er vidare opplyst at Taxi/Bus Odda AS må, dersom dei ønskjer ruteløyve sende søknad om ruteløyve til samferdselsavdelinga som vil førebu sak om dette for fylkesutvalet.

### **Klaga**

I klaga, der Taxi/Bus Odda AS m.a viser til Odda Taxilag AS heiter det m.a. følgjande:

«Odda Taxilag AS har i sesongen som er 3 mnd, 2 avganger fra Odda til Skjeggedal per.dag, der det er plass til maksimalt 80 sitteplasser. Det er anslagsvis ventet ca. 1.000 besøkende daglig som skal gå til Trolltunga. Odda Taxilag kjører etter erfaring resterende mengde mennesker opp med vanlig taxi. Noe som blir dyrere for de reisende samt økt forurensing og ikke minst stor belastning på vegen. At vanlige taxier blir brukt til shuttle Odda – Skjeggedal har vært til stor frustrasjon for lokalbefolkningen da de har vanskelig med å få taxi lokalt.

Vi vil ikke ha tilgjengelige avgangstider som er nærmere Odda Taxilag AS sine enn 30 min. Således kan vi ikke se at vi skader det økonomiske grunnlaget for Odda Taxilag AS. Sånn vi ser det er behovet for transport mye større enn det Odda Taxilag AS klarer å betjene i sommermånedene.»

### **Høyring**

Administrasjonen har i høve klaga bede Odda kommune og Odda Taxilag AS om fråsegn. I brev av 14.05.18 frå Odda Taxilag AS heiter det m.a følgjande:

[...] Det som skjer er at visst det på dager med mye folk så setter vi på minibusser utenom den store bussen som vi har som kan frakte 72 pers hver tur. Vi har i tillegg 3 minibusser og 2 sjuseter drosjer og 6 vanlige drosjer + at vi samarbeider tett med Odda Rutebuss som har 3 store busser + minibuss , ser jeg at det i fremtiden blir behov for flere ruter vil jeg lage til det. [...]

Frå samferdselsavdelinga er det opplyst at Odda Taxilag AS i telefonsamtale med administrasjonen har opplyst at det vil skade deira drift økonomisk dersom også Taxi/Bus Odda AS har rutetilbod på strekninga.

Odda kommune har tidlegare, og i telefonsamtale med administrasjonen i samferdselsavdelinga i høve saka, opplyst at dei er oppteken av at vegnettet i kommunen skal bli minst mogeleg belasta.

### **Fylkesdirektør samferdsel si vurdering**

«Fylkesdirektøren er positiv til konkurranse mellom kommersielle aktørar. Dette av omsyn til kundane sine ønskje om m.a god frekvens, låg pris og høg komfort. Slik konkurranse kan oppstå dersom Taxi/Bus Odda AS søkjer om fast ruteløyve, og fylkesutvalet godkjenner søknaden. Det vil i så fall vere eit tidsspørsmål når slik konkurranse kan finne stad.

Yrkestransportforskrifta føreskriv at følgjande vilkår må vere oppfylt for at det kan gjevast fritak frå løyveplikta for rutedrift:

- Rutedrifta må gjelde mindre enn 50 turar eller maksimalt 3 månader i året.
- Den må vere av mindre betydning.
- Den må ikkje skade annan rutetransport.

Desse vilkåra gjeld ikkje i samband med søknad om fast ruteløyve.

Når Taxi/Bus Odda AS i sin søknad set ei grense ved si rutedrift på «eller så lenge det lar seg gjøre», finn fylkesdirektøren at Taxi/Bus Odda AS oppfyller kravet i forskrifta om omfang på rutedrifta. Søknaden gjeld også ei kort strekning, med 3 daglege avgangar, og fylkesdirektøren finn difor at den omsøkte rutedrifta oppfyllar kravet i forskrifta om at rutedrifta må vere av mindre betydning.

Fylkesdirektøren la i grunngevinga for sitt vedtak av 19.04.18 til grunn at Odda Taxilag AS si rutedrift vil bli skada økonomisk, ved oppstart av konkurrerande rute. Odda Taxilag AS har stadfesta dette. Fylkesrådmannen finn difor framleis ikkje at søknaden oppfyller vilkåret om at annan rutetransport ikkje må skadast. Fylkesrådmannen kan såleis ikkje sjå at det er heimel for å ta klaga frå Taxi/Bus Odda AS til følgje, og opprettheld difor sitt vedtak. Saka vert på grunnlag av dette sendt over til den fylkeskommunale klagenemnda som er klageinstans i saka.»

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

I yrkestransportforskrifta er det i § 36 sett vilkår til kva som må føreliggja dersom ein skal kunna dispensera frå hovudregelen i yrkestransportlova om løyveplikt for persontransport i rute.

Dei tre vilkåra som må vera tilstade er:

- Rutedrifta må gjelde mindre enn 50 turar eller maksimalt 3 månader i året.
- Den må vere av mindre betydning.
- Den må ikkje skade annan rutetransport.

Taxi/Bus Odda AS har i sin søknad sett ei grense ved si rutedrift som går på så lenge det lar seg gjere. Dette må tolkast slik at dei innrettar seg etter forskriftsteksten som gjeld for mindre enn 50 turar og med ein maksimal lengde på 3 månader i året.

Ut frå det som er opplyst av søkjaren/klagaren vil slik fylkesrådmannen ser det, slik transport vera av mindre betydning.

Det er allereie eit ordinært ruteløyve på strekninga som vert utført og drive av Odda Taxilag AS. Dei har vore høyrd i saka, då det vil måtte leggjast vekt på kva som vert opplyst av dei. Det er opplyst frå Odda

Taxilag AS at ein slik rutetransport det her er søkt om klart vil verka inn på deira drift, og at det vil skada dei økonomisk.

Slik fylkesrådmannen ser desse opplysningane vil då ikkje kravet om at det omsøkte dispensasjonen ikkje må skada anna rutetransport vera tilstades. Den omsøkte dispensasjonen vil klart ha innverknad på Odda Taxilag AS sin rutetransport i same området. Vilkåra som er sette i forskrifta er såleis ikkje tilstades og det vil ikkje etter forskrifta vera høve til å gje «løyvefritak» for den omsøkte rutetransporten.

På bakgrunn av dette finn fylkesrådmannen å rå til at klage frå Taxi/Bus Odda AS over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om avslag på søknad om løyvefritak for rutetransport ikkje vert teke til følge.

Fylkesrådmannen vil visa til det som er opplyst av direktør samferdsel om at Taxi/Bus Odda AS må, dersom dei ønskjer ruteløyve, sende søknad om ruteløyve til samferdselsavdelinga som vil førebu sak om dette for fylkesutvalet.